
Vår referanse 2021/963-2
Dato 04.02.2021

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Uttale - Dispensasjonssøknad - arealoverføring - gnr 446 bnr 12 - Manger øvre - Alver kommune

Vestland fylkeskommune viser til førespurnad frå Alver kommune om uttale, datert 12.01.2021.

Søknaden gjeld overføring av areal på ca. 300m² frå gnr. 446 bnr. 12 til gnr. 446 bnr. 31, og dispensasjon frå reguleringsplan.

Eigedomane i søknaden er regulert i reguleringsplan Hågarden med planID 12601996000200, vedteke 14.03.1996.

Uttale

Dispensasjonssøknaden til kommunen gjeld arealoverføring for å seinare søke om oppføring av garasje på gnr. 446 bnr. 31. Det er opplyst at avstanden frå det søkte tilleggsarealet vil bli 14 meter frå Toskavegen og 42 meter frå Radøyvegen.

I denne saka er det uklårt kva som er byggegrensa, og kommunen ber om Vestland fylkeskommunen si vurdering av dette.

Reguleringsplanen Hågarden har ikkje ei regulert byggegrense for eigedomen. Det er derfor den generelle byggegrensa som var då planen blei vedteke som gjeld. For fv. 5468 Toskavegen, var byggegrensa 12,5 meter då planen blei vedteke, medan Radøyvegen var riksveg med byggegrense på 30 meter. Det er desse byggegrensene som gjeld for tiltak på gnr. 446 bnr. 31.

Fv. 5468 Toskavegen og fv. 525 Radøyvegen er begge regulert i Manger sentrum med planID 12602007000800, vedteke 25.09.2008, men det er byggegrensa i reguleringsplanen der eigedomen ligg, som gjeld.

Tilleggsarealet, som ligg 14 meter frå Toskavegen og 42 meter frå Radøyvegen, vil derfor ligge slik at vi meiner tomta ligg lenger frå vegmidte enn krav til byggegrense, og det er ikkje nødvendig med dispensasjon frå reguleringsplanane når det gjeld byggegrense.

Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør

Lillian Bakke Byrknes
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift